



Statsforvaltaren i Vestland
Njøsavegen 2
6863 LEIKANGER

Referanser:

Dykkar: Ida Loftesnes Kvåle -
2023/8732

Vår: 22/3288 - 23/22366

Saksbehandlar:

Marit Nedreli

marit.nedreli@osteroy.kommune.no

Dato:

09.10.2023

54/25 - Nedste-Mjelda - Søknad om dispensasjon for oppføring av bustadbrakker - gjeld krav om omgjerung - merknader

Kommunen syner til brev av 09.10.2023 frå Statsforvaltaren i Vestland

Det vert lagt til grunn at saka gjeld søknad om dispensasjon frå plankravet i kommuneplanføresegn punkt 1.2 til oppføring av 20 bustadbrakker på gnr. 54 bnr. 25.

Saka er registrert i kommunen sitt arkiv med saksID 22/3288.

Kommunen har gjort 3 vedtak i denne saka:

- Plan- og kommunalteknisk utval handsama dispensasjonssøknaden i møte 25.01.2023 saksnr. 013/23 og avslo dispensasjonssøknaden.
- Plan- og kommunalteknisk utval handsama klagen av 14.02.2023 i møte 15.03.2023 saksnr. 025/23 og gjorde nytt vedtak i saka der dispensasjonssøknaden vart godkjend.
- Plan- og kommunalteknisk utval handsama 2 mottekne klager i møte 24.05.2023 saksnr. 053/23 og opprettheld tidlegare vedtak av 15.03.2023 saksnr. 025/23.

Klagesaka vart deretter oversend Statsforvaltaren i Vestland for handsaming, jf. brev av 01.06.2023 med vedlegg frå Osterøy kommune.

Osterøy kommune har ikkje gjort andre vedtak i denne dispensasjonssaka.

Etter at kommunen sende klagesaka til handsaming den 01.06.2023 har kommunen motteke og registrert inn fylgjande journalpostar på saka (22/3288):

- E-post av 07.06.2023 med vedlegg frå Statsforvaltaren i Vestland.
- E-post av 09.06.2023 med vedlegg frå Arkoconsult AS/ansvarleg søkjar.
- E-post av 09.06.2023 frå Trygve Tønnesen.
- E-post av 20.06.2023 frå Arkoconsult AS/ansvarleg søkjar.
- E-post av 23.06.2023 frå Trygve Tønnesen.
- E-post av 26.06.2023 med vedlegg frå Osterøy entreprenør AS.
- E-post av 27.06.2023 med vedlegg: intern e-post i Osterøy kommune til medlemer i heradsstyret inklusiv varamedlemer og personar i administrasjonen.
- E-post av 19.09.2023 med vedlegg frå Arkoconsult AS/ansvarleg søkjar.

Post

post@osteroy.kommune.no
Postboks 1
5293 Lonevåg

Kontakt

www.osteroy.kommune.no
Telefon 56 19 21 00
Telefaks 56 19 21 01

Konto

Org.nr. 864.338.712

- E-post av 03.10.2023 med vedlegg frå Arkoconsult AS/ansvarleg søkjar.
- Vedtak av 03.10.2023 frå Statsforvaltaren i Vestland.
- Vedtak av 04.10.2023 med vedlegg frå Vestland fylkeskommune.
- Brev av 09.10.2023 med vedlegg frå Statsforvaltaren i Vestland.

Dei nye dokumenta ligg som vedlegg til brevet.

Kommunen vurderte at fleire av e-postane gjeld Statsforvaltaren i Vestland si klagehandsaming, og tok desse til orientering utan handsaming.

Det var nokre e-postar det var tvil om dei høyrde til saka eller ikkje, men av praktiske omsyn vart det vurdert at det kunne vere fornuftig at det ligg ein kopi av dei på saka. Desse er tekne til orientering utan handsaming.

I samband med oversendinga av Statsforvaltaren i Vestland sitt vedtak av 03.10.2023 og avklaring kring etterfylgjande innsending av søknad om løyve til tiltak, hadde sakshandsamar ein kort telefonsamtale med ansvarleg søkjar/Arkoconsult AS den 04.10.2023.

Kommunen har ikkje gjort nye vedtak i sak 22/3288 etter at saka vart handsama i møte i plan- og kommunalteknisk utval den 24.05.2023 saksnr. 053/23. Kommunen kan difor ikkje skjønne kva sakshandsamingfeil det vert synt til. Praksisen til kommunen er at når ei klagesak vert send til vidare handsaming til Statsforvaltaren i Vestland, vert saka lagt på vent i påvente av vedtak frå Statsforvaltaren i Vestland. At enkelte partar i ei klagesak av og til sender dokument til Statsforvaltaren i Vestland i håp om å påverke vidare utfall i klagesaka brukar ikkje kommunen å kommentere, utan Statsforvaltaren i Vestland konkret ber om det. Denne sakshandsamingsrutina er følgd i denne saka, som i andre klagesaker.

Kommunen har ikkje noko nytt vedtak i denne saka (22/3288) frå september 2023, og har difor ikkje noko vedtak i denne dispensasjonssaka å senda.

Tønnesen har i e-post av 06.10.2023 synt til eit vedtak i heradsstyret.

Etter litt leiting i kommunen sitt arkiv har ein funne vedtaket i sak 23/1360 "plansak 46302023003 – reguleringsplan – Haus næringspark". Vedtaket er frå 21.06.2023 saknr. 057/23, sjå vedlegg.

Det vert lagt til grunn at sak 23/1360 er ei plansak om politisk avklaring av planinitiativ.

I Osterøy kommune handsamar byggesaksavdelinga søknader om dispensasjon og søknad om løyve til tiltak etter plan- og bygningslova, medan planavdelinga har ansvar for plansaker, herunder reguleringsplanar, kommuneplanar, med vidare.

Plan- og kommunalteknisk godkjende planinitiativet i møte 24.05.2023 saksnr. 055/23.

Byggesaksavdelinga vurderer at heradsstyret sitt vedtak av 21.06.2023 saknr. 057/23 gjeld avslag på planinitiativet og innspel til arealdelen i kommuneplanen. Vedtaket av 21.06.2023 var ikkje ei konkret handsaming av søknad om dispensasjon for oppføring av bustadbrakker på gnr. 54 bnr. 25. Det står heller ikkje at heradsstyret ber om at dispensasjonssaka vert trekt til bake for handsaming i heradsstyret.

Sakshandsamar i sak 22/3288 kjende ikkje til heradsstyret sitt vedtak av 21.06.2023 saknr. 057/23 før brev av 09.10.2023 frå Statsforvaltaren i Vestland vart motteke. Byggesaksavdelinga vurderer at det ikkje var krav om å senda vedtaket i plansak 23/1360 til Statsforvaltaren i Vestland i samband med handsaming av klage på dispensasjonsløyve i sak 22/3288.

Dokument i plansaka 23/1360 syner vidare at heradsstyret sitt vedtak av 21.06.2023 saksnr. 057/23 er påklaga og at klagen ikkje er handsama endå.

Byggesaksavdelinga legg til grunn at vedtak som vert gjort i samband med utarbeiding av ny kommuneplan i Osterøy kommune vil få innverknad på eventuell framtidig bruk av eigedomen. Når det gjeld planvedtak er dei ikkje bindande for nye tiltak og dei kan ikkje leggjast til grunn før ny plan er endeleg vedteken, jf. plan- og bygningslova §§ 11-6 og 12-4, jf. § 1-5.

Unntaket frå dette er eventuell bruk av mellombels forbod mot tiltak, jf. plan- og bygningslova kapittel 13.

I samband med handsaming av søknad om dispensasjon for oppføring av bustadbrakker på gnr. 54 bnr. 25 har kommunen ikkje vurdert at det var aktuelt å vedta mellombels forbod mot tiltak, jf. plan- og bygningslova § 13-1. Dersom heradsstyret meinte at dette var aktuelt, burde det ha stått i vedtaket av 21.06.2023 saksnr. 057/23. Det gjer det ikkje og byggesaksavdelinga kan ikkje sjå at heradsstyret sitt vedtak av 21.06.2023 saksnr. 057/23 direkte gjeld dispensasjonssaka på gnr. 54 bnr. 25.

Med helsing

Tore Johan Erstad
einingsleiar for teknisk forvaltning og plan

Marit Nedreli
rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift.

Vedlegg:

Kopi av vedtak - søknad om dispensasjon fra byggegrense - ny bygning - fv. 5416 - gnr. 54 bnr. 25 - Osterøy kommune

53922224A10 - Situasjonsplan1.pdf.pdf

54/25 - Nedste-Mjelda - dispensasjon for oppføring av boligbrakker

54/25 - Kopi av vedtak og førespurnad

Osterøy kommune - gbnr. 54_25 - Nedste-Mjelda - dispensasjon for oppføring av boligbrakker

54/25 - Mjeldalen og knusing - erklæring

0774_001

23/14992 54/25 - uttale om næringsområdet i Mjeldalen

5425 - uttale om næringsområdet i Mjeldalen(790543)

Uttale tilknyttet søknad om mellombels brakkerigg i Mjeldale(790544)

54/25 - uttale om næringsområdet i Mjeldalen

Uttale tilknyttet søknad om mellombels brakkerigg i Mjeldalen - revidert

54/25 - Nedste-Mjelda - oppføring av bustadbrakker - tilbakesvar

54/25 - Nedste-Mjelda - oppføring av bustadbrakker - tilsending av merknadar

54/25 - Merknad

54/25 - Nedste-Mjelda - tilsvar til klage

Tilsvar på klage

54/25 Nedste-Mjelda - Vidaresending av saksopplysninger

Saksopplysninger - Byggesak - Osterøy 54 25 - Nedste-Mjelda - oppføring av bustadbrakker

Politisk avklaring planinitiativ Haus næringsplan

Planinitiativ - Haus Næringspark

Planavgrensing

Mottakar:

Statsforvaltaren i Vestland

Njøsavegen 2

6863

LEIKANGER